

Forslag til lokal forskrift om rapporteringstidspunkt i private barnehagar – Bjørnafjorden kommune

1. Innleiing

Bjørnafjorden kommune sender med dette på høyring forslag til ny lokal forskrift om rapporteringstidspunkt for private barnehagar.

Bakgrunnen er ny forskrift om finansiering av private barnehagar (finansieringsforskrifta) av 23. mars 2026 (FOR-2026-03-23-454), som gir kommunen heimel til å fastsetje nærare reglar om rapportering frå private barnehagar.

Forslaget inneber at kommunen tek i bruk heimelen i § 5 fjerde ledd til å fastsetje ekstra rapporteringstidspunkt i løpet av tilskotsåret.

Høyringsfristen er satt til 15. september 2026

2. Rettsleg grunnlag

Etter finansieringsforskrifta § 5 skal private barnehagar rapportere sentrale opplysningar årleg per 15. desember.

I tillegg opnar § 5 fjerde ledd for at kommunen i lokal forskrift kan fastsetje:

- fleire rapporteringstidspunkt i løpet av året
- vilkår for når tilskotet kan endrast i løpet av året

Forskrift etter denne heimelen må vere fastsett før tilskotsåret startar.

3. Bakgrunn og behov

Kommunen har behov for eit meir oppdatert og treffsikkert grunnlag for utrekning av tilskot til private barnehagar gjennom året.

Bjørnafjorden kommune har allereie rapportering per 1. august definert i dei lokale retningslinene, vedtatt 17.12.19 i kommunestyret. Finansieringsforskrifta opna for at kommunen i forskrift kan fastsette ekstra rapporteringstidspunkt. Denne forskrifta gjer derfor ingen ekstra rapportering for dei private barnehagane samanlikna med tidlegare, men plikter og rettigheter for kommunen og dei private barnehagane knytt til rapportering blir formalisert i ein forskrift.

4. Hovudinnhald i forskriftsforslaget

Det blir foreslått at private barnehagar i tillegg til rapportering 15. desember skal rapportere per **1. august kvart år**.

Rapporteringa skal omfatte:

- tal barn
- barnas alder
- opphaldstid

- tal årsverk med pensjonsforpliktingar

Rapportering per 15. desember skal leggst til grunn for tilskot i perioden januar–juli.

Rapportering per 1. august skal leggst til grunn for perioden august–desember.

Kommunen vil fatte enkeltvedtak om tilskot basert på desse opplysningane.

Forslaget inneber at tilskotet som hovudregel vert fastsett på grunnlag av dei to rapporteringstidspunkta. Dette gjer føreseielege rammer for barnehagane og god budsjettkontroll for kommunen.

Det blir vidare foreslått at auke i barnetal etter rapporteringstidspunkta som hovudregel ikkje gir rett på auka tilskot i same tilskotsperiode.

Forskrifta viser vidare til plikta etter finansieringsforskrifta § 5 femte ledd om å melde frå om større aktivitetsendringar i løpet av året.

Slike endringar kan til dømes vere:

- vesentleg reduksjon i barnetalet
- større endringar i bemanning (årsverk)
- mellombels stenging eller avvikling

Kommunen forbehold seg retten til å justere tilskotet dersom aktiviteten reduserast vesentleg, eller om barnehagen mellombels stenger ned eller avviklar drifta.

Det blir foreslått ein eigen paragraf for å sikre at kommunen kan plassere barn med behov for barnehageplass utanom de offisielle telletidspunkta, og det ikkje er ledig kapasitet i det eksisterande tilbodet. I slike tilfelle forslår kommunen at òg private barnehagar kan oppmodast om å ta inn einskilte barn, og tilskot vil bli gitt frå oppstartstidspunkt. Barnehagane vil ikkje vere forplikta til å ta inn barn etter denne paragrafen.

Kommunen kan krevje dokumentasjon av rapporterte opplysningar. Feil eller mangelfull rapportering kan få konsekvensar for tilskotet.

Det er foreslått at forskrifta trer i kraft 1. januar 2027.

5. Spørsmål kommunen ønsker belyst

Korleis vurderer høyringsinstansane forståinga av finansieringsforskrifta § 5 femte ledd, særleg når det gjeld kva som skal reknast som «større aktivitetsendringar»?

Er det behov for nærare presisering i lokal forskrift av kva som utgjer «større aktivitetsendringar» etter finansieringsforskrifta § 5 femte ledd, eller bør dette vurderast konkret i kvart einskild tilfelle?

6. Korleis innspel vil bli behandla

Kommunen vil systematisere og vurdere innspela i ei innspelsmatrise. Oppsummering av innspel og kommunen sine vurderingar vil følgje saksframlegget.